



Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Vår referanse:15/00442 Dykkar referanse: 15/1643 Sakshandsamar: GS Dato: 20.08.15

Høyring – forslag til endringar i Universitets- og høgskuleloven.

Høgskulen i Volda syner til Kunnskapsdepartementets brev datert 20. april 2015 med forslag om endringar i universitets- og høgskuleloven og eigenbetalingsforskrift.

Høgskulen i Volda vil gi tilbakemelding på nokre punkt.

1. Departementet foreslår ein lovheimel som vil gi departementet mynde til å pålegge utdanningsinstitusjonane til å halde nasjonale deleksamenar i *alle* typar utdanningar.

Høgskulen i Volda er imot å innføre nasjonale deleksamenar. Fleire profesjonsutdanningar ved høgskulane vert alt styrt av nasjonale rammeplanar og retningslinjer. Nasjonale deleksamenar vil måtte føre til detaljstyring av undervisinga og vurderingsordningane. Dette harmonerer ikkje med ønskje om at institusjonane utviklar og opprettheld ulike faglege profilar og sin eigenart. Nasjonale deleksamenar vil føre til einsretting av institusjonane og utdanningane.

2. Departementet foreslår å innføre eit krav om lovleg opphald som vilkår for studierett

Høgskulen i Volda meiner at det kan vere vanskeleg å handtere dette kravet fordi det er eit komplisert regelverk som ligg til grunn for vurdering av opphald. Lovleg opphald kan ha ulike tidsavgrensingar som kanskje ikkje følger skuleåret. Kva gjer ein institusjon dersom nokon har lovleg opphald til januar, kan ein gi studierett for heile skuleåret? Kva konsekvens får det dersom institusjonane gjer feil? Kan institusjonane verte trekt inn i klagesaker mellom innvandrarar og UDI (t.d. dersom institusjonen ikkje trakk studierett etter avslag for opphaldsløyve vart registrert)? Mange utanlandske statsborgarar er vanskeleg å finne i system fordi dei til dømes ikkje har personnummer og sjansane for at ein person har ulik type registrering (namn, erstatningsnummer) er dermed store.

Vi trur at det kan føre til at institusjonane kvir seg for å gi opptak til personar med uavklara opphaldsløyve fordi det kan gå lang tid med usikkerheit for opphaldsløyve ved søknad, avslag og klage. Kva skal institusjonane gjere medan saka er under handsaming? HVO fryktar at dette vil kunne føre til at det er ei stor gruppe med potensielle studentar som er ivrige etter å kome i gang, ikkje får tilgang til studieplass.

3. Departementet foreslår endringar i utrekning av tenestetid for stipendiatar.

Høgskulen i Volda er samde i dei endringane som departementet foreslår i ny paragraf 6.4.

4. Departementet foreslår endringar i forskrift om eigenbetaling slik at institusjonane kan krevje at studentane har eigen pc.

Høgskulen i Volda er også samde i desse endringane.

Med helsing

Jacob Kjøde jr.
høgskuledirektør

Gonnie Smit
studiedirektør